



Norges Kvinne- og Familieforbund
Postadresse: Øvre Slottsgt. 6, NO-0157 Oslo
Tlf.: 22 47 83 80 Fax: 22 47 83 99
E-post forbundet: post@kvinnerogfamilie.no
ann-louis@kvinnerogfamilie.no
Internett: www.kvinnerogfamilie.no

Det kongelige kunnskapsdepartement
postmottak@kd.dep.no

2.januar 2008

Høring om endringer i barnehagehagelova

Høringssvar fra Norges Kvinne- og Familieforbund

Norges Kvinne- og Familieforbund (K&F) takkar for høvet til å uttala seg. K&F har drive barnehagar av ulike typar sidan 1937, og medlemslaga driv framleis barnehagar over heile landet. Barnehagedrifta har alltid vore basert på ynskje om å gje eit pedagogisk tilbod til borna. Barnet er sentralt i våre barnehagar, og at barnehagen er "et velferdstilbud for småbarnsforeldre" er derfor ei sekundær målsetjing, om det nok er to sider av same sak.

1. Rett til barnehageplass.

K&F oppfattar framlegget som ei naturleg vidareføring av arbeidet med full barnehagedekning. Det er derfor viktig at dette blir ein reell rett, med rimelege og rettferdige retningslinjer, og ikkje berre eit "tomt" vedtak.

For å kunna gje tilbod om plass, må difor barnehagen ha økonomi til å kunna driva med ledige plassar i periodar. Dagens økonomi tillet ikkje dette for mange barnehagar. I og med at barnehageutbygginga er basert både på privat og offentleg drift, kan innføringa av eit nytt finansieringssystem gje eit meir usikkert driftsgrunnlag for private eigarar. Dette kan igjen gje problem i høve til plassgarantien.

Det er også viktig at tilbodet kjem i rimeleg avstand til heimen (ref. pkt. 3.4.2). Mange foreldre, kanskje særleg dei som mest treng barnehageplass, kan ha problem med transport. K&F meiner det derfor er naudsynt at kommunane samarbeider for å kunna gje eit høveleg tilbod uavhengig av kommunegrenser.

2. Rammefinansiering.

K&F er svært skeptisk til dette framlegget.

Vi meiner at før rammefinansiering evt. blir innført, må ein vera ferdig med full barnehageutbygging og sjå kor stort reelt behov for barnehageplassar er, konsekvensar av dagens system med økonomisk likebehandling av barnehagar m.v. Tidlegare røynsler viser at overføring av særlege statstilskot til kommunen sitt generelle driftsbudsjett, i mange høve har slege negativt ut for målgruppa.

3. Finansiering av ikkje- kommunale barnehagar.

Som nemnt over, meiner K&F at det er for tidleg at all økonomisk stønad til barnehagedrift skal gå via kommunane.

Det er vesentleg at

- reglane for eit framtidig system for tilskot er klåre og gjev høve til å planlegga drifta framover,
- det er råd å etterprøva grunnlaget for tilskot (ref. dagens ordning med 85%-regelen)
- at det framleis er eit mål at born i barnehage skal ha same økonomiske tilskot uavhengig av eigarskap, dvs. likeverdig behandling.

I dagens regelverk skal alle barnehagar behandlast likeverdig i høve til offentlege tilskot, og få eit minimum av 85% av kostnadane for kommunale barnehagar. I mange kommunar har det vore vanskeleg å få vita grunnlaget for desse kostnadane, og tilskotsmodellen er derfor relativt uklår. Som basis for presentsatsen har det lege ein teori om at private barnehagar er rimelege å driva enn offentleg pga. lågare løns- og pensjonskostnader. Med auka utbygging og dermed kamp om arbeidskraft, har dei fleste barnehagar no tariffavtalar tilsvarande det offentlege, og grunnlaget for denne avgrensinga er dermed lite reell.

I høyringsframlegget er kommunane gjeve store fullmakter til å utarbeida eigne retningslinjer både for vilkår for stønad til ikkje-kommunale barnehagar og for godkjenning av nye barnehagar etter 2009. Dette kan medføre at det blir ulike reglar i kvar kommune. K&F meiner derfor at det må lagast generelle hovedretningslinjer for arbeidet.

I tillegg vil vi nemna at i og med at barnehagar blir rekna som "ein frivillig del av utdanningsløpet", er det viktig at også særgrupper har ein økonomisk mogelegheit til å driva barnehagar på same måte og med tilsvarande stønadsordningar som i skolen, dvs. med direkte statsstønad.

4. Innhenting av naudsynte data i barnehagesektoren.

Det offentlege har alt i dag svært mykje data om barn i barnehage, men ynskjer betre oversyn og samankobling av denne informasjonen, særleg med tanke på langsiktige utviklingseffektar av born i barnehage samanlikna med born utan barnehageplass, ref. pkt. 6.3.2.

K&F meiner at evt. auka innsamling av data må gjerast med basis i personvern og Datatilsynet sine reglar.

PS – Nemninga husmorlag (ref. kap. 2.1., nest siste avsnitt) gjekk ut i 1997, då forbundet skifta namn.

Med helsing
Norges Kvinne- og Familieforbund

Ann-Louis Nordstrand
Forbundsleder

Eldbjørg Gunnarson
Sakshandsamar